



Lars Helge Haugsdal
Andvikvegen 921
5981 MASFJORDNES

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/948 - 23/3687

Saksbehandlar:

Jan Kvingedal

jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

02.05.2023

Melding om delegert vedtak - Søknad om oppretting av grunneigedom til naust - gbnr 24/1

Vi syner til søknad motteke 26.04.23

Administrativt vedtak. Saknr: 034/2023

Tiltakshavar: Lars Helge Haugsdal

Søknadstype: Søknad om løyve til deling etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 m)

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 m) løyve til oppretting av grunneigedom på gbnr. 24/1, Ådnekvam, slik det framgår av søknad.

Grunngjeving: Søknad er i trå med reguleringsplan og føresegner for Ådnekvam hyttefelt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/948

Oppmåling

Når klagefristen er ute vert saka sendt til avd. for kart og oppmåling for vidare sakshandsaming.

Sakshandsamingsfristen er 16 veker . jf. matrikkelforskrifta §18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysningar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at i tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkelova § 35.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

| Kode | Skildring | Tal | Sum |
|--------|--|-----|---------|
| 11.1.1 | Oppretting av ny eigedom med grenser fastsett i godkjent reguleringsplan | 1 | 2.600,- |
| | Totalt gebyr å betala | | 2.600,- |

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

Saka gjeld søknad oppretting av ny grunneigedom fråskild gbnr. 24/1.

Uttale


Søknad er varsla iht. lova og det er ikkje kome merknadar frå naboar.

Fakta

Arealet er i reguleringsplan for Ådnekvam hyttefelt avsett til naustføremål. I føresegnene til kommuneplan for Masfjorden punkt 5.4.10 går det fram at kommuneplanen gjeld framom reguleringsplan når desse er i strid med kvarandre når det gjeld byggjegrænse mot sjø og vassdrag. I reguleringsplan for Ådnekvam hyttefelt er det ikkje vist byggjegrænse mot sjø, men byggjegrænse er vist i arealdelen til kommuneplanen. Byggjegrænse går ut i sjø utanfor omsøkt nausttomt. Søknad om oppretting av grunneigedom til naustføremål er då i tråd med gjeldande arealplanar.

Eigar av gbnr 24/1 har gjeve bruksrett til veg og parkering i samband med fråskiljing av eigedom til naust. Det er opparbeidd felles parkeringsplass mellom nausta og småbåtanlegget.

Arealet det er søkt frådeling for er markert med gult på kartskisse under.



Konklusjon

Det vert gjeve løyve til oppretting av grunneigedom jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kjersti Furnes Soltvedt
Magne Løvås

5913

MASFJORDNES

Mottakarar:

Lars Helge Haugsdal

Andvikvegen 921

5981

MASFJORDNES